

## **Tenestedirektivet må utgreiast grundigare.**

Senterpartiet i Rogaland sitt fylkesårsmøte meiner det trengst ei nærare utgreiing av kva det omstridte EØS-direktivet om tenester vil innebera. Fleire organisasjonar har så langt synleggjort at direktivet er uklart. Regjeringa har i Soria Moria varsla at ho ikkje vil godta eit direktiv som medfører sosial dumping. Desto viktigare er det å få fram om direktivet slik det no føreligg, vil medføra press i retning lågare løner og dårlegare arbeidstilhøve, og gripa inn i det vi gjennom demokratiske prosessar har bygd opp av tryggleik og innsyn i vårt næringsliv.

Kva følgjer eit slikt direktiv vil få for norsk lov og regelverk må også utgreiast.

Senterpartiet i Rogaland ber partiet sine folk i regjering og Storting syta for ei grundig utgreiing som basis for ein brei og offentleg debatt om denne saka.